

# MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Utval for natur  
**Møtestad:** kommunehuset  
**Møtedato:** 29.11.2006 **Tid:** 15.00

---

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 7 medlemmer møtte 6, inkl. 1 varamenn:

**Desse medlemene møtte ikkje:**

Sigmund Dyrhovden

Frode Bjørnås

**I staden møtte:**

Anne Lønnebakken

**Andre som var tilstade på møtet:**

Ordførar, leiar av teknisk eining og administrasjonssjefen.

**Merknader:**

Møtet starta med synfaring på tomt for ballbinge på Lønnebakken.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 05.12.2006

**GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:**

Innkalling og saklista samrøystes godkjend.

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:**

Protokollen frå førre møte samrøystes godkjend.

**UTVALET SITT KVARTER:**

**Sture Tveit** ba om orientering om status for bustadområdet Hagamulen.

Administrasjonssjefen ga tilbakemelding om at takst ligg no føre. Då den ikkje er grunngjeve, har administrasjonssjefen bedt takstmennene om ei grunngjeving for taksten.

**Olaug Øystese** viste til problematiske parkeringstilhøve ved større arrangement i grendahuset i Nordbygda. Ho etterlyste framdrift med reguleringsplan for området ved grendahuset. Korleis kan kommunen prioritera dette arbeidet?

Administrasjonssjefen viste til budsjettframlegget for neste år der det er prioritert midlar til strandsoneplan men ikkje til reguleringsplan for området ved Nordbygda grendahus. Utvalet var samde om at arrangørane av større arrangement både i grendahuset og ved kyrkjene må ta på seg å dirrigera trafikken (parkeringsvakter) slik at det ikkje oppstår problem for forbipasserande.

**MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:**

I tillegg til utsendte liste over delegerte vedtak orienterte administrasjonssjefen om

- Møte med grunneigarane for aktuelt utbyggingsområde på Lønnebakken
- Utbetring av leigehusværet Solli, Hagamulen

Desse sakene vart handsama:

## SAKSLISTE

<b>Utvalgssakstype/nr.</b>	<b>Arkivsaksnr. Tittel</b>
0061/06	05/00241 <b>DELEGASJON AV MYNDIGHET TIL BRANNSJEF.</b>
0062/06	06/00379 <b>REGULERINGSPLAN FOR NAUSTTOMTER FOR BYGGJEFELT ROLVSVÅG</b>
0063/06	06/00446 <b>SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR BALLBINGE PÅ L2 I REGULERINGSPLAN FOR LØNNEBAKKEN</b>
0064/06	06/00458 <b>FRÅDELINGSSAK GNR 30, BNR 7 NYUTLØTRÆ.</b>
0065/06	06/00516 <b>SØKNAD OM KONSESJON VED ERVERV AV FAST EIGEDOM GNR/BNR 30/7 - ASBJØRN MOSS</b>
0066/06	06/00505 <b>SØKAND OM FRITAK FOR BUPLIKT PÅ GNR/BNR 34/2 I SAMNANGER KOMMUNE</b>

0061/06

## **DELEGASJON AV MYNDE TIL BRANNSJEF.**

### **Handsaming i møte:**

Naturutvalet gjekk samrøystes inn for å gje maksimal mynde til brannsjefen.

### **Vedtak:**

Brannsjefen i Samnanger kommune får delegert maksimal fullmakt i samsvar med lov om vern mot brann eksplosjon og ulukker med farlege stoff og om brannvesenet sine redningsoppgåver av 14. juni 2002 nr. 20 med tilhøyrande forskrifter.

0062/06

## **REGULERINGSPLAN FOR NAUSTTOMTER FOR BYGGJEFELT ROLVSVÅG**

### **Framlegg til vedtak::**

Reguleringsplan for nausttomter ved byggjefelt på Rolvsvåg vert etter plan- og bygningslova § 27-1 godkjent med følgjande tillegg i føresegnene:

#### **§ 2 GJENNOMFØRING**

2.1 Dei fire nausta skal oppførast etter same planteikningar. Det skal vera mellomrom på 1 meter mellom nausta. *Takutstikk skal ikkje overstige 0,5 meter. Altan og utkraving er ikkje tillate. Takutforming skal vera saltak med ein takvinkel på mellom 33 - 45 grader.* Maksimum mønehøgde er 6 meter frå normal høgvasstand. Tillate bruksareal skal ikkje overstige 45 m<sup>2</sup>.

#### **§ 3 BRUK**

Naust skal ikkje innreiast til varig opphald

Det skal ikkje gjevast bruksendring frå naust til fritidsbustad/hyttenaust/rorbu.

### **Handsaming i møte:**

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

### **Vedtak:**

Reguleringsplan for nausttomter ved byggjefelt på Rolvsvåg vert etter plan- og bygningslova § 27-1 godkjent med følgjande tillegg i føresegnene:

#### **§ 2 GJENNOMFØRING**

2.2 Dei fire nausta skal oppførast etter same planteikningar. Det skal vera mellomrom på 1 meter mellom nausta. *Takutstikk skal ikkje overstige 0,5 meter. Altan og utkraving er ikkje tillate. Takutforming skal vera saltak med ein takvinkel på mellom 33 - 45 grader.* Maksimum mønehøgde er 6 meter frå normal høgvasstand. Tillate bruksareal skal ikkje overstige 45 m<sup>2</sup>.

### § 3 BRUK

Naust skal ikkje innreist til varig opphald

Det skal ikkje gjevast bruksendring frå naust til fritidsbustad/hyttenaust/rorbu.

0063/06

### **SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR BALLBINGE PÅ L2 I REGULERINGSPLAN FOR LØNNEBAKKEN**

#### **Framlegg til vedtak::**

Omsøkte ballbinge er i samsvar med stadfest reguleringsplan med føresegner, og med heimel i plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det gjeve byggjeløyve for ballbinge på L2 i reguleringsplan for Lønnebakken.

Det er planlagd ein ballbinge med best mulig støyreduksjon. Ballbingen skal plasserast lengst mogleg sør på plassen. Det vert på dette grunnlag ikkje teke omsyn til merknad frå eigarane av tomt 42 og 49.

Det skal ikkje vera lov å nytta ballbingen mellom kl.22.00 og kl.08.00

Vedr. opplysning om klagerett på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32. og plan og bygningslova §15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

#### **Handsaming i møte:**

Det vart sett fram slikt tillegg i andre avsnitt: I tillegg må det vurderast å setja opp ekstra støyskjerm mot tomt 49 og ekstra nett til å fanga ballane.

5 røysta for framlegg til vedtak med tillegget. 1 røysta mot.

#### **Vedtak:**

Omsøkte ballbinge er i samsvar med stadfest reguleringsplan med føresegner, og med heimel i plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det gjeve byggjeløyve for ballbinge på L2 i reguleringsplan for Lønnebakken.

Det er planlagd ein ballbinge med best mulig støyreduksjon. I tillegg må det vurderast å setja opp ekstra støyskjerm mot tomt 49 og ekstra nett til å fanga ballane Ballbingen skal plasserast lengst mogleg sør på plassen. Det vert på dette grunnlag ikkje teke omsyn til merknad frå eigarane av tomt 42 og 49.

Det skal ikkje vera lov å nytta ballbingen mellom kl.22.00 og kl.08.00

Vedr. opplysning om klagerett på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32. og plan og bygningslova §15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

0064/06

**FRÅDELINGSSAK GNR 30, BNR 7 NYUTLØTRÆ.**

**Framlegg til vedtak::**

Det vert etter plan- og bygningslova § 7 ikkje gjeve dispensasjon til å dela ei hyttetuft på om lag 1 daa frå gnr/bnr 30/7 i Samnanger kommune.

Det vert etter jordlova § 12 ikkje gjeve løyve til å dela ei hyttetuft på om lag 1 daa frå gnr/bnr 30/7 i Samnanger kommune.

**Handsaming i møte:**

**Sture Tveit** sette fram slikt framlegg:

Saka vert utsett. Administrasjonen vert beden om å informera søkjar om at utvalet kan stilla seg positiv til ein søknad om alternativ plassering på område.

Utvalet vedtok samrøystes å utsetja saka.

**Vedtak:**

Saka vert utsett.

0065/06

**SØKNAD OM KONSESJON VED ERVERV AV FAST EIGEDOM GNR/BNR 30/7 - ASBJØRN MOSS**

**Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune gjev konsesjon til Asbjørn Moss for å kjøpe eigedomen gbnr. 30/7 i Samnanger. Vedtaket har heimel i konsesjonslova § 1.

**Handsaming i møte:**

**Olaug Øystese** sette fram slikt framlegg: Søkjar kan få overta eigedomen som jordbrukseigedom, men taksten er å rekna for høg som jordbrukseigedom.

Ein røysta for framlegget frå Olaug Øystese og 5 for framlegg til vedtak.

**Vedtak:**

Samnanger kommune gjev konsesjon til Asbjørn Moss for å kjøpe eigedomen gbnr. 30/7 i Samnanger. Vedtaket har heimel i konsesjonslova § 1.

0066/06

**SØKAND OM FRITAK FOR BUPLIKT PÅ GNR/BNR 34/2 I SAMNANGER  
KOMMUNE**

**Framlegg til vedtak::**

Ove Fanebust vert etter Odelslova § 27 gjeve mellombels fritak frå buplikta på gnr/bnr 34/2 i Samnanger kommune. Fritaket gjeld så lenge Ludvik og Solveig Svendsdal bur i huset på garden.

**Handsaming i møte:**

Utvalet gjekk samrøystes inn for framlegg til vedtak.

**Vedtak:**

Ove Fanebust vert etter Odelslova § 27 gjeve mellombels fritak frå buplikta på gnr/bnr 33/2 i Samnanger kommune. Fritaket gjeld så lenge Ludvik og Solveig Svendsdal bur i huset på garden.